

Ellingsberg – Erlingsberghi (gnr. 151)

Erlingsberghi: Gamal namneform som viser tilbake til ein enda eldre udelt gard Berg. Første leden er som det tydeleg går fram, mannsnamnet Erlingr, Erling. Skrivemåten av namnet har i grunnen vore lite skiftande og mest alltid lett kjenneleg.

Det er i eit diplom av 1338 ein finn gardnamnet i bøyning skrivi Erlingsberghi. 240 år seinare finn vi i 1578 namnet skrivi "Ellingsbergh", og garden låg da heilt eller for ein del til Fåberg prestebolig. Ein brukar der med det uvanlege namnet Tholff Ellingsberg er i 1610 listeført som husmann, men i 1611 som "Ødegaardsmandt". Atten år seinare var det elles Johannes som hadde tatt over og var bygselbonde på ødegarden Ellingsberg, og etter atter ein mannsalder heitte brukaren der Torgeir Pedersen Ellingsberg og var 36 år.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er der om "Ellingsberig" vidare fortalt at garden framleis låg til Fåberg Presteboel, og at den samla landskyld av garden var 1 ½ hud eller 1 hud 6 skinn, som og kunne svarast med 3 bismarpund 4 merker smør. Brukar og bygselbonde på garden var framleis Torgeir Pedersen, som da var 59 år. Om garden Ellingsberg har elles matrikkelen å fortelja at "Engen er goed och Kand forbedris" og at det "Schaug till gaards brug" og "nogedt brotteland". Buskapen av store husdyr var da 2 hestar og 12 naut, og korntienda vart utreidd med 1 ½ tønne, som altså svara til ei årsavling på 15 tønner. Dessutan går det og fram at Ellingsberg i den tid hadde seter og sommarbeite for krøtera på "Loerthoele Setter". – Ti år seinare var Torgeir Pedersen framleis bygselbonde for presten og brukte Ellingsberg. Han betalde da den utlikna Leiglendingeskatten 1678 med 3 dalar 3 ort i pengar.

At det dessutan budde andre familiar på Ellingsberg i den tid går fram av eit dødsbuskifte frå "Ellingsberg i Faaberg" 20. oktober 1698. Den døde der var da Svend Joensen, som det elles er opplyst om at han åtte ved sin død jordgods til 3 skinn skyld i "Tollefsrud". Arvingane ved skiftet var forutan enk Kirsten Samuelsdtr., dei 5 borna i ekteskapet. Dei var: 1. joen, 2, Johannes, 3. Guro, 4. Kari, 5. Anne.

7. mars 1712 var det ein heilt ny mann som hadde tatt over og fått bygselseddel på bruken av Ellingsberg av sokneprest hr. Johan Rosing. Den nye brukaren er elles i skrivne kjelder somme tider kalla Oluf Ingebretsen og til andre tider Ole Engebretsen. Her brukar vi det siste, som nok var hans rette namn.

Ole Engebretsen f. 1673, som visstnok var frå Storhove, var gift med Rønnog Olsdtr., og dei fekk 5 born. Dei var: 1. Enge????? F. 1712, 2. Jacob, 3. Ole, 4. Gunhild, gift 1735 med Paul Engebretsen Holen, 5. Anne f. 1727.

Om Ole Engebretsen som i 1712 fekk bygsla på Ellingsberg, er det elles opplyst at han da var 36 år, men han hadde av ein eller annan grunn ikkje vore soldat. Generalløytnant Hausmand hadde likevel, sikkert etter søknad "tillatt ham å bøksle gård".

Fleire opplysningar om gardane i den tid går det fram av matrikkelframlegget av 1723. Der er det om Ellingsberg fortalt meir detaljert at garden også da var "Faaberg Præstebol med bøxel tilhørende", og at landskylda framleis var 1 ½ hud. Husdyrhaldet på Ellingsberg var da 1 hest, 1 føl, 13 naut, 10 sauer og 11 geiter, og den årlege utsæd av korn utgjorde da kring 3 ½ tønner bygg og litt rug. Vidare er det om Ellingsberg oppgitt at garden ligg i sollia, men var da tungbrukt. Jordarten var derimot "temelig god, dog noget tørlent". Som mange av gardane i den tid hadde Ellingsberg og eiga kvern, og det var da ein husmannsplass med brukande jord til Ellingsberg. Det er oppgitt at utsæden på husmannsplassen var ei ½ skjeppe, sikkert av bygg.

Brukaren, bygselbonden på Ellingsberg i den tid er ikkje nemnd ved namn, men av andre kjelder går det fram at det nok framleis var Ole Engebretsen. – Tre år seinare let såleis Ole

Ellingsberg ved tinget på Fliflet 16. febr. 1726 lesa fogdens bevillingsseddel på ”en liden sæterløkke Stølen sæter, hvoraf svares for 1 læss hø 2 skl.”

Av 11. april 1737 er ei sak som gjeld sonen på Ellingsberg, Engebret Olsen Ellingsberg. Han gav da kvittering på vegne av kona si, Helga Olsdr., nedre Toft i Follebu, på fedre- og mødrearven hennar som til saman utgjorde 142 rdl. 3 ort.

Visstnok i 1748 var Ole Engebretsen Ellingsberg og kona hans Rønnog Olsdr. vorte samde om å dele og skifte me borna sine medan dei baa, foreldra, var i live. Ved dette skiftet, som også var på ”Ellingsberg i Faaberg”, utgjorde skiftebuet brutto 433 rd. og netto 237 rd.

Arvingane var dei 5 borna som før er nemnde. Om dei vart det da opplyst at Engebret, som da var 36 år, budde på Ellingsberg. Broren Jakob Olsen, som var 28 år, budde på Jongrud, søstera Gunnild var gift med Poul Engebretsen Holen, søstera Anne, 21 år, var enda ugift, og broren Ole var da 18 år. Året før, altså i 1747 hadde elles eldste broren Engebret Olsen fått bygselseddel av sokneprest Nils Stochflet på bygsel og bruk av Ellingsberg.

Engebret Olsen Ellingsberg f. 1712, som dermed tok over som husbond på Ellingsberg, var som før nemnt gift med Helga Olsdr. nedre Toft, og dei fekk 6 born. Dei var: 1. Rønnaug f. 1736, 2. Ole f. 1739, 3. Mari f. 1749, død samme året, 4. Nils f. 1750, 5. Mari f. 1755, gift 1779 med Morten Olsen Halvorslien, 6. Jacob f. 1760. – Engebret brukte så Ellingsberg som bygselbonde til i 1774, da han overlet drifta til sonen Ole Engebretsen, som samtidig fekk bygselseddel av Stifts- og domprost Ole Irgens, som da hadde overtatt som sokneprest i Fåberg. Denne bygselseddelen, som i det heile gir fleire opplysningar om garden i den tid, har etter utskrift av tingboka denne ordlyden:

”Ellingsberg.

Bygselseddel dat. 16. febr. 1774 tgl. 17. febr. s.å.

Ole Irgens stift og domprost samt sogneprest til Domkirken i Trondhjem bygsler og fester til Ole Engebretsen og hans hustru Sissel Holmsdatter den Fåberg prestebol tilhørende og i Fåberg beliggende gård Ellingsberg med underliggende engeland Topholen skyldende til bemeldte prestebol med bygsel og landskyld 1 ½ hud, hvilken gård hans far på grund av alderdom for ham oplader mot et billig føderåd efter en mellem dem oprettet kontrakt. Ole Engebretsen har betalt bygselpenger, og han kan bruke gården sin på livstid mot at han holder gården og dens huse i lovlig hevd, intet lar gården frakomme og i rett tid utreder alle skatter og herligheter.”

Ein merker seg at den lærde hr. Ole Irgens i bygselseddelen også er oppført som sokneprest i ”Domkirken i Trondhjem”.

Den nye husbonden Ole Engebretsen Ellingsberg var som alt nemnt gift med Sessel Holmsdtr. Jørstad f. 1739, og dei fekk i sitt ekteskap to born. Det var: 1. Kristen f. 1763, 2. Sønnøv f. 1766. – Men husbonden Ole Engebretsen Ellingsberg døde alt i 1774, berre 35 år gamal. – Enka Sessel Holmsdtr. Ellingsberg gifta seg i 1776 oppatt med Østen Larsen, som etter opplysningar ved G. Fliflet, var frå Sutestad. Same året fekk og Østen Larsen bygselseddel av sokneprest til Fåberg hr. Martin Abildgaard på grd. Ellingsberg med underliggende engeland Topholen.

Østen Larsen hadde så bygsla av Ellingsberg til i 1785, da stesonen hans, Kristen Olsen f. 1763 overtok som bygslar og brukar av prestebolsgarden Ellingsberg. Same året var og dødsbuskifte etter husfrua, føderådskona Sessel Holmsdtr. Ved dette skiftet, som og var på Ellingsberg i Faaberg, var skiftebuet brutto 121 rd. og netto 118 rd., men da var truleg inkje jordegods medregistrert i buet. Arvingane ved skiftet var dei to borna hennar i ekteskapet med Ole Engebretsen: Kristen Olsen som da var 23 år, og søstera Sønnev Olsdr., som var 19 år. Kristen Olsen som i den tid hadde bygsla på garden, gifta seg i 1786 med Mari Larsdtr. Tollersrud, og dei fekk i sitt ekteskap desse borna: 1. Ole f. 1886, død same året, 2. Sessel f.

1787, 3. Anne f. 1787, 4. Ole f. 1790, død same året, 5. Lars f. 1792, 6. Ole f. 1794, 7. Helge f. 1797, 8. Ingeborg f. 1798, 9. Sønnøv f. 1800. – Av 1793 er elles ei tinglyst "sikkerhetspåtegning" for arven til søstera Sønnøv Olsdtr., og i 1794 lånte Kristen Olsen Ellingsberg 146 rd. av Lars Mortensen Præstegården og 50 rd. av Østen Larsen Ellingsberg mot pant "i debtors løsøre". Vidare lånte i 1797 Lars Ellingsberg 199 rd. av sokneprest Andreas Broch mot pant i debtors lausøyre.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 4 familiar på og/eller ved Ellingsberg. Dei var:

1. familie: 1. Kristen Olsen, husbonden, 38 år, 2. Mari Larsdtr., kona hans, 41 år, 3. Lars Kristensen, son deira, 9 år, 4. Ole, son deira, 7 år, 5. Sessel, dotter, 15 år, 6. Anne, dotter 14 år. 7. Ingeborg, dotter 3 år, 8. Sønnøv, dotter, 1 år.
2. familie: 1. Østen Larsen, føderådsmann, 52 år, 2. Gunnild Knudsdtr., kona hans, 56 år.
3. familie: 1. Hans Olsen, "Inderste uden Jord, driver Handel", 31 år, 2. Sidsill Arnesdtr., kona hans, 23 år. 3. Ragnild, dotter deira, 3 år, 4. Sønnøv, dotter, 1 år, 5. Inga Jacobsdtr., tenestkvinne.
4. familie: 1. Clemet Larsen, "Gaar i Dagleie", 48 år, 2. Marit Olsdatter., kona hans, 49 år.

Av same året, altså i 1801, den 14. april, er ein tinglyst kontrakt mellom Ritmester von Tanberg og Kristen Olsen Ellingsberg, ein kontrakt som her er av stor interesse, og som etter utskrift har denne ordlyden:

"Faaberg Somer Ting den 17de Juni 1801, paa Gaarden Smestad. (Pantebok No. 6, s. 256)
Kontrakt.

Vi undertegnede, ieg Peder Leuth von Tangen, - Bestalter Ritmester og Cheff for det nordre Hedemarkiske Dragon Compagnie, og ieg Christen Olsen Ellingsberg af Faabergs Præstegield udi Christians Amt. Kiensdes og hermed vitterlig gjør at have indgaaet følgende Kontrakt med hin anden: Ieg Christen Olsen afstaar herved den mig av Sognepræsten i Faaberg Vellerværdige hr. Martin Abelgaard ved Byxelseddel af 3. November 1795 tilbyxlede gaard Ellingsberg med underliggende Engeland Topholen kaldet, hvilken ved Kongelig allernaadigst Reslution er udnemt til Cheffs Bolig for bemeldte Compagnie, til vel borne Hr. Ritmster von Tandberg saaledes at han med nu havende Frue fød Knof (Knoph) indtræder i alle Retigheder som ovenbemeldte Byxelseddel hiemler mig, og for saadan afstaaelse har bemeldte Hr. Ritmester von Tandberg allerede betalt til mig Et Hundrede Rigsdahler samt forpligtet sig til at være ansvarlig for den Aabod der ved afholdte Besigtelses Forretning den 19de Mai 1792 blev befunden paa Gaardens Huuser og Gierder; Endvidere opfylder ieg Ritmester v. Tandberg og eftermand i alle deele den imellem Christen Olsen og hans Stefader Østen Larsen Oprettede Føderaads Kontrakt af dato 14. October 1795.

Til Brug og Beboelse nyder Christen Olsen: og så fremt det ei befindes stridende imod ergangne Kongelige Anordningar: da og hans Huustrue så lenge de lever Pladsen Schindarhougen samt den neden for samme beliggende Svee paa hvilken sidste ieg skal lade Opbygge en Stue til Brug for ham, tillige nyder han Et støcke Engeland Mahlbokringen kaldet, samt et støcke i det Østere Hiørne af den nordre Slette ødegaard ungefær een og en Halv Mæhling af Størelse uden derfor at svare nogen aarlig afgift til Gaardens Opsidere eller være forbunden til Arbeide. Dermot skal det paaligge Christen Olsen at vedligeholde Pladsen Sveens Huuse samt Gierder rundt om de Ham Accorderede Pladser og Engstøcker, saaledes at hvis husene Forfalder eller Gierder og haffelder icke til behørig tiid bliver sadt i forsvarlig stand, da skal Han have sin brugs Ret til samme Engstøcke eller Plads forbrudt.

Hvad Brænde ved eller Bygnings Tømmer han nødvendig behøver, besørger han sig selv hugst og giemkiørt fra Kiølen, samt at tage noget Hiemme udi sinne Accorderede Indhægninger; Men intet udi Gaardens Hiem Skoug eller Enge uden Tilladelse.

Sommer Havn til En Koe nyder Han paa Kiølen samt Vaar Havn i Haugen for 3 For-Creature. De af Christen Olsen til sin Stefaders Begravelse modtagne 3 Tønder Byg og 8 Sætting Ruug erlægger han til mig eller Gaardens Bruger med 12 sættinger med Byg aarlig fore Juul inntil samme er betalt, da hver tønne er beregnet til 20 Sættinger, og Rugen betaales det derpaa følgende Aar; men skulde Han icke levere 12 Sætting godt Byg aarlig til bestemt tiid, da nyder Han icke Ageren i Tofthougen lengere end Aar, da Han ellers har Frihed og høste den i 4 Aar.

For den af Vilkaarsmanden Østen Larsen leverede Hæst har Christen Olsen leveret En Aars gammel Fole.

Det bliver ellers Christen Olsen aldeles formendt saavel at bortforpakte Ager eller Engestøcker under hvad foregivende det end måtte være til nogen Fremed eller Indtage nogen Fremed i Huus til sig uden mit eller Eftermands Samtycke, og saa fremt hen herimod Handler, da at have forbrudt all sin Rettighed til noget Brug under Gaarden.

Efter Christen Olsen og Hustruens Død hiemfalder saa vel Pladsen med paastaaende Huuse som de forommelte Engestøcker til Gaarden Ellingsberg uden Erstatning for hans Arvingar. Saaledes at have Contracteret stadfæstes ved vore Hænders underskrift og hosttegnede Signeter.

Ellingsberg den 14de April 1801.

P.L. Tandberg. Christen Olsen Ellingsberg med paaholden Pen.

Til Vitterlighed efter Begier:

Harchild Gustum Arne Øre

Kontrakten er som ein ser både ei sermerkt historisk kjelde og ei interessant språkprøve frå 1801.

Oberstløytnant Tandberg overdrog så Ellingsberg til ritmester Brunech i 1819. Brunech overlet garden vidare til Amund Pedersen Diserud den 27. mars 1827.

Litt meir om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om garden Ellingsberg oppgitt at buskapen av store husdyr i den tid var: 2 hestar og 15 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 48 tønner. Det er vidare oppgitt at det framleis var 1 husmannsplass til garden,

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 vart den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut. Ellingsberg med nytt matrikkelnummer 87 fekk da som si nye matrikkelskyld: 6 skylddalar 1 ort 8 skilling og det var da framleis Amund Pedersen som var brukar på Ellingsberg.

Amund Pedersen brukte så Ellingsberg vidare som bygselbonde til i 1863, da han kjøpte garden til odel og eige mot Kongl. skjøte tinglese 21. sept. 1864 for kjøpesum 2410 spd. med ”paaheftelse af den Faaberg Sogneprest, som Beneficiarius, tilkommende aarlige Afgift, der udgjør Spd. 6 –”-”. – I samband med denne handelen lånte Amund Pedersen 2410 spd. av det opplagde fond ved sal av militære sjefsgardar, Militærfondet, mot pant i grd. Ellingsberg og med dei gode menn P. Tollersrud, P.O. Snaghol, T. Blegen og C. Kamstrup som kausjonistar. I 1860-70-åra var det elles utskifting av sameigemark og –skog der gardane før hadde hatt felles bruksrettar. I 1868-1871 var der såleis utskifting av skog i Stølmarken, og i 1870-1871 var det utskifting av Skjelbrei- og Aalkjernmarkens Sameigeskog.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det såleis om Ellingsberg opplyst at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 192 mål og av dette var 60 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det opplyst at buskapen på Ellingsberg var: 3 hestar, 11 storfe og 22 småfe, og at den årlege utsæd utgjordekring 9 ½ tønner korn og 6 tønner settepoteter.

Åtte år seinare gav i 1873 husbonden Amund Pedersen skjøte til sonen sin Peder Amundsen på ”grd. Ellingsberg, et seterbol Skjelbreien og husdyr, indbo og løsøre for 1136 spd. og et

føderåd verdsatt til 150 spd.”. Same året fekk og Simen Nilsen husmannskontrakt på plassen Ellingsbergsveen.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Ellingsberg fekk da som sitt nye gardsnummer nr. 151, og det var alt da to bruksnr. under gardsnr. 151 Ellingsberg. Det var: 1. Grn. 151 Ellingsberg av skyld 8,43 mark med Peder Amundsen som eigar og brukar, 6. grn. 151 brn. 2 Skjelbreien seter, skyld 0,67 mark, som Peder Amundsen og var eigar og brukar av.

I 1899 var det vidare skifte av hamnetilhøva på Stølen, Kinden m.fl. setrer, og av 1903 er ei tinglyst erklæring frå Børre Torgersen Lønnli om vedlikehald av ein forstøtningsmur ”paa Lønnlis Grund under Ellingsberg”.

Da det vonleg kan vera av interesse tek vi her med at ved kommunevale ti 1907 budde det 7 personer med røysterett på og/eller ved Ellingsberg. Dei var: 1. gardbr. Peder A. Ellingsberg, 73 år, 2. arbeidar Amund E. Ellingsberg, 33 år, 3. husmann Otto Kristiansen, 219 år, 4.

Rønnaug Olsdtr., 36 år, 5. murar Børe Torgersen Lønnli, 58 år, 6. husmor B erte Pedersdtr. Lønnli, 57 år, 7. murar Torger Børesen Lønnli, 27 år.

Av handlar i seinare tid med Ellingsberg eller parsellar av garden tek vi og med at i 1928 selde så Amund Ellingsberg garden til broren Lars E. Ellingsberg, og visstnok i 1935 kjøpte Einar Ellingsberg grn. 151 brn. 3 Ellingsbergsveen av skyld 0,45 mark.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa av 1939 framleis to bruksnr. under gardsnr. 151 med kvar for seg it jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar). Det var: 1. grn. 151 brn. 1 og 2 Ellingsberg med eit jordbruksareal på ca. 125 dekar, som Lars Ellingsberg framleis var eigar og brukar av, b. grn. 151 brn. 3 Ellingsbergsveen, jordbruksareal ca. 16 dekar, som Einar Ellingsberg framleis var eigar og brukar av.